


## **Tilsynsrapport**

sak 2015-04

Trafikksikkerhetsrevisjon i samsvar  
med vegsikkerhetsforskrifta

<b>Saksnummer</b>	2015-04
<b>Publiseringsdato</b>	30.10.2015
<b>Tilsynslag</b>	Bente Irene Berland Molland, tilsynsleiar Sverre Slettemark, fagrevisor veg Heming Lunestad, fagrevisor veg Ida Blomhoff Pedersen, fagrevisor juridisk
<b>Tilsynspart</b>	Statens vegvesen, Region sør og Region nord



### Om rapporten

Denne rapporten er basert på tilsyn i Statens vegvesen, Region nord og Region sør. Tilsynssaka omhandlar trafiksikkerhetsrevisjon i samsvar med vegsikkerhetsforskrifta.

Rapporten inneheld ei oppsummering av tilsynet og ein presentasjon av tilsynsfunn. Med bakgrunn i tilsynsfunna har Vegtilsynet gjeve to tilrådingar til Region nord og to tilrådingar til Region sør.

Tilsynspartane skal innan fastsett frist kome med tilbakemelding på korleis tilrådingane vil verte handtert, saman med ein handlingsplan for gjennomføring av eventuelle tiltak.

Utarbeidd:

Sign.:



Bente Irene Berland Molland  
*tilsynsleiar*

Godkjent:

Sign.:



Trude Tronerud Andersen  
*direktør*

## Samandrag

Ein trafikksikkerheitsrevisjon er «en uavhengig, detaljert, systematisk og teknisk sikkerhetskontroll av et vegprosjekts utformingsmessige egenskaper, som omfattar alle faser fra prosjektering til innledende bruk», jf. vegsikkerheitsforskrifta § 2 bokstav h).

Trafikksikkerheitsrevisjon av nye vegprosjekt er eit viktig verkemiddel for å sikre at trafikkarlege forhold vert oppdaga og handtert. Sidan vegsikkerheitsforskrifta tredde i kraft oktober 2011 har det vore krav om at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjonar ved gjennomføring av alle vegprosjekt på TEN-T-vegnettet.

Vegtilsynet har gjennomført ei tilsynssak som gjeld gjennomføring av trafikksikkerheitsrevisjon i samsvar med vegsikkerheitsforskrifta. Tilsynspartar i denne saka er Statens vegvesen, Region nord og Region sør.

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Statens vegvesen, Region nord og Region sør gjennomfører trafikksikkerheitsrevisjonar på TEN-T-vegnettet i samsvar med krav. Tilsynssaka har teke føre seg tre problemstillingar.

For det fyrste har Vegtilsynet undersøkt om det framgår av kvalitetsplanar at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjon. Vidare har Vegtilsynet undersøkt om Statens vegvesen, Region nord og Region sør gjennomfører trafikksikkerheitsrevisjonar i samsvar med krav. Under den tredje problemstillinga undersøkte Vegtilsynet kva rutinar/prosedyrar regionane har for lagring, læring og erfaringsdeling etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar.

Tilsynet har vist at det ikkje er beskrive i kvalitetsplanane at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjonar og at det er manglar ved gjennomføringa av trafikksikkerheitsrevisjonar etter krava i vegsikkerheitsforskrifta. Manglande etterleving av krava til revisjon i vegsikkerheitsforskrifta, kan ha som konsekvens at trafikkarlege tilhøve ikkje vert avdekka i dei ulike prosjekttrinna. Vegtilsynet vurderer på bakgrunn av dette at Statens vegvesen, Region nord og Region sør ikkje sikrar ei trafikksikkerheitsmessig forvaltning av vegnettet (TEN-T) slik vegsikkerheitsforskrifta set krav til.

Vidare har tilsynet vist at dei to regionane ikkje har eit system som sikrar tilstrekkeleg læring og erfaringsdeling etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar. Vegtilsynet vurderer at Statens vegvesen, Region nord og Region sør ikkje har utnytta det læringspotensial som ligg i gjennomførte revisjonar.

# Innhold

<b>1. Bakgrunn</b>	<b>6</b>
<b>2. Mål og problemstillinger</b>	<b>7</b>
<b>3. Gjennomføring og metode</b>	<b>8</b>
<b>4. Tilsynskriterium</b>	<b>11</b>
<b>5. Innhenta data</b>	<b>13</b>
<b>6. Funn</b>	<b>22</b>
<b>7. Vurderingar</b>	<b>28</b>
<b>8. Tilrådingar</b>	<b>29</b>
<b>Vedlegg 1: Oversikt over dokumentgjennomgang i Region nord</b>	<b>31</b>
<b>Vedlegg 2: Oversikt over dokumentgjennomgang i Region sør</b>	<b>32</b>
<b>Vedlegg 3: Relevante utdrag frå kravdokumenta</b>	<b>33</b>

# 1. Bakgrunn

I Statens vegvesen sitt handlingsprogram for perioden 2014–2017<sup>1</sup> kan ein lese at: «Vegsikkerhetsforskriften setter krav til at det skal gjennomføres [...] trafikk-sikkerhetsrevisjoner for alle vegprosjekter på TEN-T-vegnettet (Trans-European Transport Network). Dette vil bidra til at å sikre at nye veger holder god sikkerhetsmessig standard når de åpnes for trafikk.»

Vegsikkerhetsforskrifta tredde i kraft oktober 2011 og set krav til at alle vegprosjekt på TEN-T-vegnettet skal reviderast fleire gonger; i planfasen, i byggefasen, før anlegget vert opna for trafikk og etter opning av ferdig anlegg, i samsvar med vedtekte retningslinjer.

I eit rundskriv om forskrifta<sup>2</sup> forklarar Vegdirektoratet at «revisjonen primært er en gjennomgang av at prosjektet gjennomføres i henhold til vegnormalene, etatens valgte standarder og god praksis, at behandlingsrutiner for eventuelle fravik er fulgt og at det er avvik fra dette som fremkommer i rapporten. Avvik ut over dette kan påpekes, men må begrunnes i etablert kunnskap eller dokumentert forskning.» I retningslinjene vert det òg stilt krav til oppfølging av eventuelle problem som er beskrive i ein revisjonsrapport.

Vegtilsynet gjennomførte i 2014 ei tilsynssak<sup>3</sup> der det vart ført tilsyn med i kva grad krava i vegsikkerhetsforskrifta og tunnelsikkerhetsforskrifta er implementert i Statens vegvesen sitt styringssystem og korleis dei vert følgt opp. Tilsynspart var Veg- og transportavdelingen i Vegdirektoratet. Tilsynsaka viste at det på fleire punkt er uklart korleis vegsikkerhetsforskrifta skal tolkast og praktiserast, og at Statens vegvesen i varierende grad har klart å implementere forskrifta i styringssystemet. Andre tilsynssaker har vist at det er lite kjennskap til og kunnskap om vegsikkerhetsforskrifta i regionane, og at det er uklart korleis regionane skal implementere forskrifta. Tidlegare tilsynssaker viser vidare at trafikksikkerhetsrevisjon i liten grad vert gjennomført (sak 2012/02, 2014/04).

<sup>1</sup> Handlingsprogram 2014–2017 (2023)

<sup>2</sup> NA-Rundskriv nr 12/2012 – Om forskrift om sikkerhetsforvaltning av veginfrastrukturen (vegsikkerhetsforskriften) med retningslinjer

<sup>3</sup> Sak 2014-01 *Implementering av vegsikkerhetsforskrifta og tunnelsikkerhetsforskrifta*

## 2. Mål og problemstillinger

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Statens vegvesen, Region nord og Region sør gjennomfører trafikksikkerhetsrevisjonar på TEN-T vegnettet i samsvar med krav.

For å undersøke dette har Vegtilsynet sett på følgjande problemstillingar:

### **Problemstilling 1**

Framgår det av kvalitetsplan at det skal gjennomførast trafikksikkerhetsrevisjon?

### **Problemstilling 2**

Vert trafikksikkerhetsrevisjonar gjennomført i samsvar med krav?

### **Problemstilling 3**

Kva rutinar/prosedyrar har regionen for lagring, læring og erfaringsdeling etter gjennomførte trafikksikkerhetsrevisjonar?

### **Omgrepsbruk og avgrensing**

Eit *vegprosjekt* er i forskrifta definert som «et veginfrastrukturprosjekt som omfatter anlegg av ny vegstrekning eller en vesentlig endring av det eksisterende vegnettet, og som påvirker trafikkstrømmen», jf. § 2 bokstav a).

Ein *trafikksikkerhetsrevisjon* er i forskrifta definert som «en uavhengig, detaljert, systematisk og teknisk sikkerhetskontroll av et vegprosjekts utformingsmessige egenskaper, som omfatter alle faser fra prosjektering til innledende bruk», jf. § 2 bokstav h).

I følge retningslinjene skal vegprosjekt trafikksikkerhetsreviderast fleire gonger i løpet av prosjektforløpet. Denne tilsynssaka er avgrensa til å gjelde to av revisjonstrinna:

- trinn 2, detaljprosjektering
- trinn 3, ferdig anlegg før opning

### 3. Gjennomføring og metode

Tilsynssaka er gjennomført som ein revisjon.<sup>4</sup>

Vegtilsynet sende 15. juli 2015 varsel om tilsyn til Statens vegvesen, Region nord og Region sør. Det vart gjennomført videomøter med tilsynspartane 18. august 2015 for å informere om tilsynssaka og gjere naudsynte avklaringar når det gjaldt gjennomføring av tilsynet. Undersøkningsperiode for tilsynssaka var 01.01.2013–15.07.2015.

I varselet bad Vegtilsynet om å få tilsendt ei oversikt over alle vegprosjekt i regionen som oppfylte desse kriteria:

- gjeld vegane E18, E39, Rv23, E16 i Region sør og vegane E6, E75, E105, E10, E12 i Region nord
- hadde ferdigstilt konkurransegrunnlag etter 01.01.13
- og/eller vegprosjekt opna etter 01.01.13

Tilsynspart vart bedt om å fylle ut ei matrise med fylgjande informasjon for dei aktuelle vegprosjekta:

- vegnummer
- prosjektnamn
- definert som vegprosjekt etter § 2 og dermed omfatta av § 4 i vegsikkerheitsforskrifta
- kostnad (i mill. kr. (år))
- dato for ferdigstilt konkurransegrunnlag
- dato for når vegprosjektet vart opna for trafikk
- link til revisjonsrapport(ar) (inkl. prosjektets tilsvaret og slutterklæring)
- prosjektets Sveisnummer
- prosjektets PROF-nummer

<sup>4</sup> Ein revisjon er ein systematisk, uavhengig og dokumentert prosess for å skaffe tilsynsbevis og bedømme dei objektivt for å bestemme i kva grad tilsynskriteria er oppfylt.



Det vart i tillegg bedt om fylgjande dokumentasjon:

- regionale rutinar/prosedyrar for lagring av revisjonsrapporter
- stillingsinstruks for TS-koordinator
- regionale rutinar/prosedyrar for læring og erfaringsdeling i regionen etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar
- dokumentasjon som syner prosjekteigar og prosjektleiar sine roller/ansvar ved gjennomføring av trafikksikkerheitsrevisjonar
- årsplanar for planlagde revisjonar for 2013, 2014 og 2015

Basert på tilsendt oversikt over aktuelle vegprosjekt i regionen, vart det bedt om innsending av prosjekta sine kvalitetsplanar.

Problemstillingane vart undersøkt ved dokumentgjennomgang, og ein har tatt føre seg fylgjande forhold:

**Problemstilling 1: Framgår det av kvalitetsplan at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjon?**

Vegtilsynet har gjennomgått dei tilsendte kvalitetsplanane og undersøkt om det framgår at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjonar.

**Problemstilling 2: Vert trafikksikkerheitsrevisjonar gjennomført i samsvar med krav?**

Vegtilsynet har gjennomgått dei tilsendte revisjonsrapportane for å undersøke om trafikksikkerheitsrevisjonen er gjennomført innan fristar gjeve i retningslinjene til vegsikkerheitsforskrifta, og om regionvegkontoret har tatt stilling til og svart opp funn i revisjonsrapporten. Dokumentgjennomgangen omfattar ikkje ei vurdering av metodisk tilnærming og kvaliteten til revisjonane.

**Problemstilling 3: Kva rutinar/prosedyrar har regionen for lagring, læring og erfaringsdeling etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar?**

For å undersøke om regionane har eit system som sikrar at revisjonsrapportane er lette å finne igjen, har Vegtilsynet spurt om kva rutinar/prosedyrar regionen har for lagring. Vegtilsynet har undersøkt om regionen fylgjer desse rutinane ved å kontrollere at rapportane vert lagra i samsvar med dette.

For å synleggjere om det kan vere eit læringspotensial frå gjennomførte trafikk-sikkerheitsrevisjonar har Vegtilsynet laga eit samandrag av funn i dei tilsendte revisjonsrapportane (tabell 4 og tabell 8).

Vegtilsynet har spurt om tilsynspart har utarbeidd regionale rutinar/prosedyrar for læring og erfaringsdeling etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar. Innhenta data frå dokumentgjennomgangen er vurdert opp mot tilsynskriteria og dannar grunnlag for tilsynsfunna.

Vegtilsynet har fått tilgang til Statens vegvesen sitt kvalitetssystem og annan dokumentasjon, og har nytta dette under førebuinga og gjennomføringa av tilsynet. I tillegg har tilsynspart lagt alle forhold til rette for ei effektiv gjennomføring av tilsynet.

Utkast til rapport vart lagt fram for tilsynspart 8. oktober 2015, med frist for å gje tilbakemelding på faktafeil. Tilsynspart gav slik tilbakemelding innan fristen, og dette er tatt omsyn til ved utarbeiding av endeleg tilsynsrapport.

## 4. Tilsynskriterium

Tilsynskriteria i saka baserer seg på og er utleda frå følgande kravdokument:

- Forskrift om sikkerhetsforvaltning av veginfrastrukturen (heretter kalla vegsikkerheitsforskrifta)
- Retningslinjer gitt i henhold til forskrift om sikkerhetsforvaltning av veginfrastrukturen (vegsikkerheitsforskriften), fastsatt ved kgl. res. Av 28.10.2011 med hjemmel i veglov 21.juni 1963 nr. 23 § 62 og §§ 13 og 16, jf. EØS-avtalens vedlegg XIII r. 17 i (direktiv 2008/96/EF) (heretter kalla retningslinjene)
- NA-Rundskriv nr 12/2012 - Om forskrift om sikkerhetsforvaltning av veginfrastrukturen (vegsikkerheitsforskriften) med retningslinjer (heretter kalla NA-rundskrivet)
- Håndbok R760 *Styring av vegprosjekter* (heretter kalla Handbok R760)
- Vegvesenboka, Leiing, styring og organisering i Statens vegvesen (heretter kalla Vegvesenboka)

Relevante utdrag frå kravdokumenta går fram av vedlegg 3.

### Tilsynskriterium problemstilling 1

Det skal gå fram av prosjektets kvalitetsplan kva revisjonar som skal gjennomførast.<sup>5</sup>

### Tilsynskriterium problemstilling 2

Regionvegkontoret skal sørge for at det vert gjennomført trafikksikkerheitsrevisjonar i samband med gjennomføring av alle vegprosjekt<sup>6</sup> i tråd med vedtekne retningslinjer.<sup>7</sup>

<sup>5</sup> Jf. Håndbok R760 kapittel 1.1 «Bruk av håndboken» og kapittel 2.3.11 «Revisjoner, analyser og forbedringer»

<sup>6</sup> Jf. vegsikkerheitsforskrifta § 4 fyrste ledd

<sup>7</sup> Jf. vegsikkerheitsforskrifta § 4 andre ledd

Det skal gjennomførast revisjon ved trinn 2, detaljprosjektering og trinn 3, ferdig anlegg før opning.<sup>8</sup>

Revisjon på trinn 2, detaljprosjektering, skal vere gjennomført før anleggsstart.

Revisjonen på trinn 3, ferdig anlegg før åpning, skal vere gjennomført «når veg-anlegget ansees for å være ferdig bygget, men før det er åpnet».<sup>9</sup>

I etterkant av revisjonen skal regionvegkontoret «ta stilling til de problemene som er beskrevet i revisjonsrapporten. Hvis det ikke skjer en avbøting av problemene skal regionvegkontoret redegjøre skriftlig for sin avgjørelse og vedlegge denne til rapporten.»<sup>10</sup>

### **Tilsynskriterium problemstilling 3**

Statens vegvesen har eit overordna mål om å lære av sine feil og auke kompetansen.<sup>11</sup> Det er ikkje stilt nærare krav til regionane til korleis læring og erfaringsdeling skal skje etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar.

<sup>8</sup> Jf. vegsikkerheitsforskrifta § 4 fjerde ledd og retningslinjene

<sup>9</sup> Jf. retningslinjene

<sup>10</sup> Jf. retningslinjene

<sup>11</sup> Vegvesenboka kapittel 3.2.3 «Kvalitet»

## 5. Innhenta data

### REGION NORD

I matrisa Vegtilsynet fekk tilsendt var det fylt ut informasjon for 15 prosjekt som oppfylte kriteria gitt i varselet. Dokumentgjennomgangen baserer seg på innhenta data frå desse prosjekta, sjå matrise under. For ni av vegprosjekta var det ferdigstilt konkurransegrunnlag i undersøkingsperioden og seks av vegprosjekta var opna for trafikk i undersøkingsperioden. Dette inneber at det skal ha blitt gjennomført totalt 15 revisjonar i undersøkingsperioden.

		Ferdigstilt konkurransegrunnlag i undersøkingsperioden	Vegprosjekt opna for trafikk i undersøkingsperioden
E6	Femtvasslia–Kråkmo	X	
E6	Indre Nordnes–Skardalen	X	
E6	Langslett–Sørkjosen	X	
E6	Alta vest; Storsandnes–Langnesbukta	X	
E6	Alta vest; T34 Jansnes–Storelva	X	
E6	Alta vest; T41 Halselv–Melsvik	X	
E6	Alta vest; T42 Melsvik–Storvikeidet	X	
E6	Alta vest; T43 Storvikeidet–Møllnes	X	
E105	Bjørkheim–Elvenes	X	
E6	Brenna–Kapskarmo		X
E6	Alta vest; T33 Storelva–Halselv		X
E6	- T62 Kåfjordbrua		X
E6	- T63 Møllnes–Aslakheimen		X
E6	- T66 Aslakheimen–Hjemmeluft		X
E105	Elvenes - Storskog		X

Tabell 1: Oversikt over prosjekta, Region nord

### Problemstilling 1: Framgår det av kvalitetsplan at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjon?

Vegtilsynet har mottatte kvalitetsplanar for 13 av 15 prosjekt. Prosjekta sine kvalitetsplanar framgår av fem tilsendte dokument. Eitt av desse dokumenta, kvalitetsplanen for E6 Alta vest, omfattar ni parsellar (oppgitt som einskildprosjekt i vedlegg 1). Dei fire andre dokumenta er kvalitetsplan for einskildprosjekt.

Dokumentgjennomgangen har vist at det ikkje framgår av nokon av dei dokumenterte kvalitetsplanane at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjon (sjå tabell 2).

Det er heller ikkje beskrive at det skal gjennomførast andre typar revisjonar eller analysar.

		Mottatt kvalitetsplan	Framgår det av kvalitetsplan at det skal gjennomførast TS-revisjon?
E6 Femtvasslia–Kråkmo	Trinn 2	Ja	Nei
E6 Indre Nordnes–Skardalen	Trinn 2	Ja	Nei
E6 Langslett–Sørkjosen	Trinn 2	Ja	Nei
E6 Storsandnes–Langnesbukta	Trinn 2	Ja	Nei
E6 Jansnes–Storelva	Trinn 2	Ja	Nei
E6 Halsev–Melsvik	Trinn 2	Ja	Nei
E6 Melsvik–Storvikeidet	Trinn 2	Ja	Nei
E6 Storvikeidet–Møllnes	Trinn 2	Ja	Nei
E105 Bjørkheim–Elvenes	Trinn 2	Nei	-
E6 Brenna–Kapskarmo	Trinn 3	Ja	Nei
E6 Storelva–Halsev	Trinn 3	Ja	Nei
E6 Kåfjordbrua	Trinn 3	Ja	Nei
E6 Møllnes–Aslakheimen	Trinn 3	Ja	Nei
E6 Aslakheimen–Hjemmeluft	Trinn 3	Ja	Nei
E105 Elvenes–Storskog	Trinn 3	Nei	-

Tabell 2. Oppsummering av dokumentgjennomgang i problemstilling 1

## **Problemstilling 2: Vert trafikkikkerheitsrevisjonar gjennomført i samsvar med krav?**

I ni av prosjekta skulle det vore gjennomført trafikkikkerheitsrevisjon på trinn 2, detaljprosjektering. Vegtilsynet fekk tilsendt revisjonsrapportar for seks gjennomførte revisjonar på trinn 2 (sjå tabell 3).

I seks av prosjekta skulle det vore gjennomført trafikkikkerheitsrevisjon på trinn 3, ferdig anlegg før opning. Vegtilsynet fekk tilsendt revisjonsrapport for éin gjennomført revisjon på trinn 3 (sjå tabell 3).

Gjennomgang av revisjonsrapportane viser at fire av sju revisjonar er gjennomførte i samsvar med fristar gjeve i retningslinjene til vegsikkerheitsforskrifta. Tre av revisjonane er gjennomført etter frist (sjå tabell 3).

I seks av revisjonsrapportane føreligg det skrifteleg tilsvaret. For éin av revisjonsrapportane etter revisjon gjennomført på trinn 3 føreligg det ikkje skrifteleg tilsvaret.

		Gjennomført TS-revisjon	Gjennomført TS-revisjon innan frist	Regionvegkontoret sitt tilsvar ein del av rapporten
E6 Femtvasslia–Kråkmo	Trinn 2	Ja	Nei	Ja
E6 Indre Nordnes–Skardalen	Trinn 2	Ja	Ja	Ja
E6 Langslett–Sørkjosen	Trinn 2	Ja	Nei	Ja
E6 Storsandnes–Langnesbukta	Trinn 2	Ja	Ja	Ja
E6 Jansnes–Storelva	Trinn 2	Nei	-	-
E6 Halselv–Mølsvik	Trinn 2	Ja	Ja	Ja
E6 Mølsvik–Storvikeidet	Trinn 2	Ja	Ja	Ja
E6 Storvikeidet–Møllnes	Trinn 2	Nei	-	-
E105 Bjørkheim–Elvenes	Trinn 2	Nei	-	-
E6 Brenna–Kapskarmo	Trinn 3	Ja	Nei	Nei*
E6 Storelva–Halselv	Trinn 3	Nei	-	-
E6 Kåfjordbrua	Trinn 3	Nei	-	-
E6 Møllnes–Aslakheimen	Trinn 3	Nei	-	-
E6 Aslakheimen–Hjemmeluft	Trinn 3	Nei	-	-
E105 Elvenes–Storskog	Trinn 3	Nei	-	-

Tabell 3. Oppsummering av dokumentgjennomgang i problemstilling 2

\* I teknisk sluttrapport for prosjektet er det angitt at funna er utbetra.

### Problemstilling 3: Kva rutinar/prosedyrar har regionen for lagring, læring og erfaringsdeling etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar?

Region nord opplyser at trafikksikkerheitsrevisorane sender dei ferdige revisjonsrapportane inkludert revisjonsskjema til regionkoordinator for trafikksikkerheitsrevisjonar og inspeksjonar. Regionkoordinatoren skal lagre rapportane på internt fellesområde. Det er ikkje utarbeidd skriftleg regional rutine for dette. Dokumentgjennomgangen har vist at dei sju revisjonsrapportane er lagra i samsvar med rutinen som er beskrive ovanfor.



Når det gjeld samandrag av funn, viste gjennomgangen av dei tilsendte revisjonsrapportane følgjande:

Funn	Antal funn (avvik, feil, merknad, kommentar)	Vanlegaste funn (kategori)
Byggeplan	57	rekkverk linjeføring/tverrprofil tunnel/bru
Ferdig veg før opning	6	rekkverk linjeføring/tverrprofil

*Tabell 4. Samandrag av funn i dei seks gjennomgatte revisjonsrapportane*

Regionen opplyser at det vert gjennomført fagsamlingar med jamne mellomrom for trafikksikkerheitsrevisorane i regionen. Elles formidlast informasjon om typiske funn i forbindelse med innlegg på relevante møter, kurs og planleggarsamlingar, men det er ingen faste rutinar for dette.

I tilbakemelding på utkast til rapport informerte Region nord om at dei har eit rekneark som vert nytta i samband med oppfølging av gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon og -inspeksjon. Reknearket viser ei samla oppstilling av alle gjennomførte revisjonar og inspeksjonar i løpet av eitt kalendeår, samt gjennomføring av tiltak. I tillegg informerte regionen om at dei tidlegare har utarbeidd ein rapport der det er gjort ei vurdering av gjennomføringa av trafikksikkerheitsinspeksjonar og av tiltak etter desse inspeksjonane. Rapporten omhandlar ikkje trafikksikkerheitsrevisjonar.

## REGION SØR

I matrisa Vegtilsynet fekk tilsendt var det fylt ut informasjon for fire prosjekt som oppfylte kriteria gitt i varselet. Dokumentgjennomgangen baserer seg på innhenta data frå desse fire prosjekta, sjå matrise under. For tre av vegprosjekta var det ferdigstilt konkurransegrunnlag i undersøkingsperioden og to av vegprosjekta var opna for trafikk i undersøkingsperioden. Dette inneber at det skal ha blitt gjennomført fem revisjonar i undersøkingsperioden.

		Ferdigstilt konkurransegrunnlag i undersøkingsperioden	Vegprosjekt opna for trafikk i undersøkingsperioden
E18	Bommestad–Sky	X	
E18	Midtrekkverk Tangen–Aust-Agder grense	X	
E39	Rosseland–Tangvall	X	X
E18	Gulli–Langåker		X

Tabell 5. Oversikt over prosjekta, Region sør

### Problemstilling 1: Framgår det av kvalitetsplan at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjon?

Vegtilsynet har motteke kvalitetsplan for alle dei fire prosjekta.

Dokumentgjennomgangen har vist at det ikkje framgår av nokon av dei dokumenterte kvalitetsplanane at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjon (sjå tabell 6).

I to av kvalitetsplanane, for prosjekta E18 Gulli–Langåker og E18 Bommestad–Sky, er det beskrive andre typar revisjonar enn trafikksikkerheitsrevisjon. Det er beskrive at det skal gjennomførast kvalitetsrevisjonar. I følge kvalitetsplanane er hensikta med kvalitetsrevisjonane å kontrollere at instruksar, rutinar og prosedyrar vert nytta og fungerer som forutsatt.

		Mottatt kvalitetsplan	Framgår det av kvalitetsplan at det skal gjennomføres TS-revisjon?
E18 Bommestad–Sky	Trinn 2	Ja	Nei
E18 Midtrekkverk Tangen–Aust-Agder grense	Trinn 2	Ja	Nei
E39 Rosseland–Tangvall	Trinn 2 og 3	Ja	Nei
E18 Gulli–Langåker	Trinn 3	Ja	Nei

Tabell 6. Oppsummering av dokumentgjennomgang i problemstilling 1

### Problemstilling 2: Vert trafiksikkerhetsrevisjonar gjennomført i samsvar med krav?

I tre av prosjekta skulle det vore gjennomført trafiksikkerhetsrevisjon på trinn 2, detaljprosjektering. Vegtilsynet fekk tilsendt revisjonsrapportar for to gjennomførte revisjonar på trinn 2 (sjå tabell 7).

I to av prosjekta skulle det vore gjennomført trafiksikkerhetsrevisjon på trinn 3, ferdig anlegg før opning. Vegtilsynet fekk tilsendt revisjonsrapportar for to gjennomførte revisjonar på trinn 3 (sjå tabell 7).

Gjennomgang av revisjonsrapportane viser at revisjonane er gjennomførte i samsvar med fristar gjeve i retningslinjene til vegsikkerhetsforskrifta.

I tre av revisjonsrapportane føreligg det skrifteleg tilsvaret. For éin av revisjonsrapportane etter revisjonar gjennomført på trinn 3 føreligg det ikkje skrifteleg tilsvaret.

		Gjennomført TS-revisjon	Gjennomført TS-revisjon innan frist	Regionvegkontoret sitt tilsvar ein del av rapporten
E18 Bommestad–Sky	Trinn 2	Ja	Ja	Ja
E18 Midtrekkverk Tangen–Aust-Agder grense	Trinn 2	Nei*	-	-
E39 Rosseland–Tangvall	Trinn 2 og 3	Ja/Ja	Ja/Ja	Ja/ Nei**
E18 Gulli–Langåker	Trinn 3	Ja	Ja	Ja

Tabell 7. Oppsummering av dokumentgjennomgang i problemstilling 2

\* Region sør stadfester at det ikkje er gjennomført TS-revisjon i prosjektet. Regionen opplyser at det er gjennomført ei risikovurdering, hovudsakeleg av omkøyringsveg i anleggsperioden, der det òg er gjort ei enkel vurdering med forslag til tiltak av sjølve prosjektet på E18.

\*\* Det føreligg ikkje tilsvar på revisjonsrapport trinn 3. Region sør opplyser at inspeksjon før opning av E39 Rosseland-Tangvall medførte svært få og enkle merknader. Det vart ikkje gjevne noko tilbakemelding, men alle foreslåtte tiltak er gjennomført og sjekka ut av TS-revisor.

### Problemstilling 3: Kva rutinar/prosedyrar har regionen for lagring, læring og erfaringsdeling etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar?

I mottatt dokumentasjon frå Region sør vert det opplyst at regionen har utarbeidd eit forslag til handbok i sikkerheitsstyring. Region sør opplyser også at forslaget til handboka ikkje er vedtatt i Vegdirektoratet, men den vert nytta som retningslinje i Region sør. Under dei enkelte trafikksikkerheitsvurderingane av vegar i plan- og byggefasen er det beskrive at rapportar og oppfølging skal inngå i sluttdokumentasjonen for dei enkelte prosjekt.

Region sør opplyser at dei har oppretta ein lagringsstad for trafikksikkerheitsrevisjonar og inspeksjonar i regionen på internt fellesområde. Kvar einskild revisjonsleiar har ansvaret for å legge rapportane inn på dette fellesområde. Region sør opplyser også at alle revisjonsrapportar mest truleg ikkje er lagt inn her, men det er presisert på gjennomført revisorsamling for regionens revisorar at dette skal følgast opp. Vegtilsynet har kontrollert om aktuelle revisjonsrapporter for

dokumentgjennomgangen er lagra i samsvar med det regionen har beskrive. Dokumentgjennomgangen har vist at dei fire revisjonsrapportane er lagra i samsvar med rutinen som er beskrive ovanfor.

Når det gjeld samandrag av funn, viste gjennomgangen av dei tilsendte revisjonsrapportane følgjande:

Funn	Antal funn (avvik, feil, merknad, kommentar)	Vanlegaste funn (kategori)
Byggeplan	117	rekkverk linjeføring/tverrprofil skilt/belysning
Ferdig veg før opning	114	rekkverk sideterreng skilt/belysning

*Tabell 8. Samandrag av funn i dei fire gjennomgatte revisjonsrapportane*

I mottatt dokumentasjon frå Region sør vert det opplyst om at regionen ikkje har utarbeidd eigne rutinar eller prosedyrar for læring og erfaringsdeling, men at det i praksis vert arrangert ei årleg samling for alle trafikksikkerheitsrevisorar i regionen der det vert delt erfaringar. I løpet av denne samlinga, er det mål om å gjennomføre ein aktuell revisjon. Dette skal bidra til ei lik forståing av ulike problemstillingar.

Regionen opplyser vidare at det i 2014 og 2015 har vore arrangert sju temadagar i regionen, der det har vore fokus på de ulike metodane som er nytta i trafikksikkerheitsarbeidet, og der det òg har vore tatt fram eksempel på funn frå trafikksikkerheitsrevisjonar. Eksempla er ofte kopla til UAG-funn. Temadagane er opne for alle tilsette, men er spesielt retta mot planleggarar.

## 6. Funn

### REGION NORD

#### Funn 1 – avvik

Statens vegvesen, Region nord har ikkje beskrive i kvalitetsplanane at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjonar.

#### Tilsynskriterium

Det skal gå fram av prosjektets kvalitetsplan kva revisjonar som skal gjennomførast.<sup>12</sup>

#### Tilsynsbevis

Dokumentgjennomgangen har vist at det ikkje framgår av nokon av dei dokumenterte kvalitetsplanane at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjon.

<sup>12</sup> Jf. Håndbok R760 kapittel 1.1 «Bruk av håndboken» og kapittel 2.3.11 «Revisjoner, analyser og forbedringer»

## Funn 2 – avvik

Statens vegvesen, Region nord har ikkje gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon i samsvar med krav.

### Tilsynskriterium

Regionvegkontoret skal sørge for at det vert gjennomført trafikksikkerheitsrevisjonar i samband med gjennomføring av alle vegprosjekt<sup>13</sup> i tråd med vedtekne retningslinjer.<sup>14</sup>

Det skal gjennomførast revisjon ved trinn 2, detaljprosjektering og trinn 3, ferdig anlegg før opning.<sup>15</sup>

Revisjon på trinn 2, detaljprosjektering, skal vera gjennomført før anleggsstart.

Revisjonen på trinn 3, ferdig anlegg før åpning, skal verta gjennomført «når veganlegget ansees for å være ferdig bygget, men før det er åpnet».<sup>16</sup>

I etterkant av revisjonen skal regionvegkontoret «ta stilling til de problemene som er beskrevet i revisjonsrapporten. Hvis det ikke skjer en avbøting av problemene skal regionvegkontoret redegjøre skriftlig for sin avgjørelse og vedlegge denne til rapporten.»<sup>17</sup>

### Tilsynsbevis

Innhenta data har vist:

Tilsynspart har ikkje dokumentert at det er gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon innan frist i fem av ni prosjekt på trinn 2.

Tilsynspart har ikkje dokumentert at det er gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon innan frist nokon av seks prosjekt på trinn 3.

<sup>13</sup> Jf. vegsikkerheitsforskrifta § 4 fyrste ledd

<sup>14</sup> Jf. vegsikkerheitsforskrifta § 4 andre ledd

<sup>15</sup> Jf. vegsikkerheitsforskrifta § 4 fjerde ledd og retningslinjene

<sup>16</sup> Jf. retningslinjene

<sup>17</sup> Jf. retningslinjene

### **Funn 3 – observasjon**

Innhenta data tyder på at Statens vegvesen, Region nord ikkje har eit system som sikrar tilstrekkeleg læring og erfaringsdeling etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar.

#### Grunngjeving

Av Vegvesenboka framgår det at Statens vegvesen har eit overordna mål om å lære av sine feil og auke kompetansen.

Eit samandrag av dei tilsendte revisjonsrapportane syner at nokre typar funn førekjem oftare enn andre.

Etter Vegtilsynet si oppfatning tyder dette på at regionen kan ha eit læringspotensial etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar. Gjennom læring og erfaringsdeling kan ein hindre gjentaking av revisjonsfunn i framtidige prosjekt.

Vegtilsynet si forståing av den praksisen regionen beskriv for læring og erfaringsdeling er at den ikkje tydeleggjer korleis fagmiljøa som til dømes vegplanlegjarar skal lære og ha nytte av gjennomførte revisjonar.



## REGION SØR

### Funn 1 – avvik

Statens vegvesen, Region sør har ikkje beskrive i kvalitetsplanane at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjonar.

#### Tilsynskriterium

Det skal gå fram av prosjektets kvalitetsplan kva revisjonar som skal gjennomførast.<sup>18</sup>

#### Tilsynsbevis

Dokumentgjennomgangen har vist at det ikkje framgår av nokon av dei dokumenterte kvalitetsplanane at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjon.

<sup>18</sup> Jf. Håndbok R760 kapittel 1.1 «Bruk av håndboken» og kapittel 2.3.11 «Revisjoner, analyser og forbedringer»

## Funn 2 – avvik

Statens vegvesen, Region sør har ikkje gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon i samsvar med krav.

Tilsynskriterium

Regionvegkontoret skal sørge for at det vert gjennomført trafikksikkerheitsrevisjonar i samband med gjennomføring av alle vegprosjekt<sup>19</sup> i tråd med vedtekne retningslinjer.<sup>20</sup>

Det skal gjennomførast revisjon ved trinn 2, detaljprosjektering og trinn 3, ferdig anlegg før åpning.<sup>20</sup>

Revisjon på trinn 2, detaljprosjektering, skal vera gjennomført før anleggsstart.

Revisjonen på trinn 3, ferdig anlegg før åpning, skal verta gjennomført «når veg-anlegget ansees for å være ferdig bygget, men før det er åpnet».<sup>22</sup>

I etterkant av revisjonen skal regionvegkontoret «ta stilling til de problemene som er beskrevet i revisjonsrapporten. Hvis det ikke skjer en avbøting av problemene skal regionvegkontoret redegjøre skriftlig for sin avgjørelse og vedlegge denne til rapporten.»<sup>23</sup>

Tilsynsbevis

Innhenta data har vist:

Tilsynspart har ikkje dokumentert at det er gjennomført trafikksikkerheitsrevisjon i eitt av tre prosjekt på trinn 2.

<sup>19</sup> Jf. vegsikkerheitsforskrifta § 4 fyrste ledd

<sup>20</sup> Jf. vegsikkerheitsforskrifta § 4 andre ledd

<sup>21</sup> Jf. vegsikkerheitsforskrifta § 4 fjerde ledd og retningslinjene

<sup>22</sup> Jf. retningslinjene

<sup>23</sup> Jf. retningslinjene

### **Funn 3 – observasjon**

Innhenta data tyder på at Statens vegvesen, Region sør ikkje har eit system som sikrar tilstrekkeleg læring og erfaringsdeling etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar.

#### Grunngjeving

Av Vegvesenboka framgår det at Statens vegvesen har eit overordna mål om å lære av sine feil og auke kompetansen.

Eit samandrag av dei tilsendte revisjonsrapportane syner at nokre typar funn førekjem oftare enn andre.

Etter Vegtilsynet si oppfatning tyder dette på at regionen kan ha eit læringspotensial etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar. Gjennom læring og erfaringsdeling kan ein hindre gjentakning av revisjonsfunn i framtidige prosjekt. Vegtilsynet si forståing av den praksisen regionen beskriv for læring og erfaringsdeling er at den ikkje tydeleggjer korleis fagmiljøa som til dømes vegplanleggjarar skal lære og ha nytte av gjennomførte revisjonar.

## 7. Vurderingar

### Region nord

Tilsynet har vist at det ikkje er beskrive i kvalitetsplanane at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjonar og at det er manglar ved gjennomføringa av trafikksikkerheitsrevisjonar etter krava i vegsikkerheitsforskrifta. Det vert vist til funn 1 og 2. Manglande etterleving av krava til revisjon i vegsikkerheitsforskrifta, kan ha som konsekvens at trafikkarlege tilhøve ikkje vert avdekka i dei ulike prosjekttrinna. Vegtilsynet vurderer på bakgrunn av dette at Statens vegvesen, Region nord ikkje sikrar ei trafikksikkerheitsmessig forvaltning av vegnettet (TEN-T) slik vegsikkerheitsforskrifta set krav til.

Vidare har tilsynet vist at regionen ikkje har eit system som sikrar tilstrekkeleg læring og erfaringsdeling etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar. Det vert vist til funn 3. Vegtilsynet vurderer at Statens vegvesen, Region nord ikkje har utnytta det læringspotensial som ligg i gjennomførte revisjonar.

### Region sør

Det var gjennomført fire prosjekt i Region sør i undersøkingsperioden for denne tilsynssaka. Når talet på prosjekt er lågt, er det usikkert om innhenta data gjev eit representativt bilete for regionen. Vurderinga baserer seg difor på det som er avdekka i desse fire prosjekta.

Tilsynet har vist at det ikkje er beskrive i kvalitetsplanane at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjonar og at det er manglar ved gjennomføringa av trafikksikkerheitsrevisjonar etter krava i vegsikkerheitsforskrifta. Det vert vist til funn 1 og 2. Manglande etterleving av krava til revisjon i vegsikkerheitsforskrifta, kan ha som konsekvens at trafikkarlege tilhøve ikkje vert avdekka i dei ulike prosjekttrinna. Vegtilsynet vurderer på bakgrunn av dette at Statens vegvesen, Region sør ikkje sikrar ei trafikksikkerheitsmessig forvaltning av vegnettet (TEN-T) slik vegsikkerheitsforskrifta set krav til.

Vidare har tilsynet vist at regionen ikkje har eit system som sikrar tilstrekkeleg læring og erfaringsdeling etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar. Det vert vist til funn 3. Vegtilsynet vurderer at Statens vegvesen, Region sør ikkje har utnytta det læringspotensial som ligg i gjennomførte revisjonar.

## 8. Tilrådingar

Det vert vist til funn og vurderingar i kapittel 6 og 7. Vegtilsynet kjem med følgjande tilrådingar:

### REGION NORD

#### **Tilråding 2015-04 nr. 1**

Tilsynet har vist at det ikkje er beskrevet i kvalitetsplanane at det skal gjennomførast trafikk sikkerheitsrevisjonar og at det er manglar ved gjennomføringa av trafikk sikkerheitsrevisjonar etter krava i vegsikkerheitsforskrifta. Det vert vist til funn 1 og 2.

**Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen, Region nord gjennomfører tiltak for å sikre at trafikk sikkerheitsrevisjonar vert planlagt og gjennomført i samsvar med krav.**

#### **Tilråding 2015-04 nr. 2**

Tilsynet har vist at regionen ikkje har eit system som sikrar tilstrekkeleg læring og erfaringsdeling etter gjennomførte trafikk sikkerheitsrevisjonar. Det vert vist til funn 3. Vegtilsynet vurderer at Region nord ikkje har utnytta det læringspotensial som ligg i gjennomførte trafikk sikkerheitsrevisjonar.

**Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen, Region nord gjennomfører tiltak for å hindre gjentakning av revisjonsfunn i framtidige prosjekt.**

## REGION SØR

### **Tilråding 2015-04 nr. 3**

Tilsynet har vist at det ikkje er beskrevet i kvalitetsplanane at det skal gjennomførast trafikksikkerheitsrevisjonar og at det er manglar ved gjennomføringa av trafikksikkerheitsrevisjonar etter krava i vegsikkerheitsforskrifta. Det vert vist til funn 1 og 2.

**Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen, Region sør gjennomfører tiltak for å sikre at trafikksikkerheitsrevisjonar vert planlagt og gjennomført i samsvar med krav.**

### **Tilråding 2015-04 nr. 4**

Tilsynet har vist at regionen ikkje har eit system som sikrar tilstrekkeleg læring og erfaringsdeling etter gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar. Det vert vist til funn 3. Vegtilsynet vurderer at Region sør ikkje har utnytta det læringspotensial som ligg i gjennomførte trafikksikkerheitsrevisjonar.

**Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen, Region sør gjennomfører tiltak for å hindre gjentaking av revisjonsfunn i framtidige prosjekt.**

### **Oppfølging av tilrådingane**

Statens vegvesen, Region nord og Region sør skal innan ein fastsett frist kome med tilbakemelding på korleis tilrådingane vil verta handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring av eventuelle tiltak. På bakgrunn av denne tilbakemeldinga vil Vegtilsynet vurdere vidare oppfølging og lukking av tilrådingane.

## Vedlegg 1:

### Oversikt over dokumentgjennomgang i Region nord

		Problemstilling 1	Problemstilling 2		Problemstilling 3	
		Framgår det av kvalitetsplan at det skal gjennomføres TS-revisjon?	Gjennomført TS-revisjon	Gjennomført TS-revisjon innen frist	Regionvegkontoret sitt tilsvar ein del av rapporten	Revisjonsrapport lagra i samsvar med krav/prosedyre
E6 Femtvasslia–Kråkmo	Trinn 2	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja
E6 Indre Nordnes–Skardalen	Trinn 2	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
E6 Langslett–Sørkjosen	Trinn 2	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja
E6 Storsandnes–Langnesbukta	Trinn 2	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
E6 Jansnes–Storelva	Trinn 2	Nei	Nei	-	-	-
E6 Halselv–Melsvik	Trinn 2	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
E6 Melsvik–Storvikeidet	Trinn 2	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
E6 Storvikeidet–Møllnes	Trinn 2	Nei	Nei	-	-	-
E105 Bjørkheim–Elvenes	Trinn 2	-	Nei	-	-	-
E6 Brenna–Kapskarmo	Trinn 3	Nei	Ja	Nei	Nei*	Ja
E6 Storelva–Halselv	Trinn 3	Nei	Nei	-	-	-
E6 Kåfjordbrua	Trinn 3	Nei	Nei	-	-	-
E6 Møllnes–Aslakheimen	Trinn 3	Nei	Nei	-	-	-
E6 Aslakheimen–Hjemmeluft	Trinn 3	Nei	Nei	-	-	-
E105 Elvenes–Storskog	Trinn 3	-	Nei	-	-	-

\* I teknisk sluttrapport for prosjektet er det angitt at funna er utbetra.

## Vedlegg 2:

### Oversikt over dokumentgjennomgang i Region sør

		Problemstilling 1	Problemstilling 2		Problemstilling 3	
		Framgår det av kvalitetsplan at det skal gjennomføres TS-revisjon?	Gjennomført TS-revisjon	Gjennomført TS-revisjon innan frist	Regionvegkontoret sitt tilsvarende del av rapporten	Revisjonsrapport lagret i samsvar med krav/prosedyre
E18 Bommestad–Sky	Trinn 2	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
E18 Midtrekkverk Tangen–Aust-Agder grense	Trinn 2	Nei	Nei*	-	-	-
E39 Rosseland–Tangvall	Trinn 2 og 3	Nei	Ja/Ja	Ja/Ja	Ja/Nei**	Ja
E18 Gulli–Langåker	Trinn 2	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja

\* Region sør stadfester at det ikkje er gjennomført TS-revisjon i prosjektet. Regionen opplyser at det er gjennomført ei risikovurdering, hovudsakeleg av omkøyringsveg i anleggsperioden, der det óg er gjort ei enkel vurdering med forslag til tiltak av sjølve prosjektet på E18.

\*\* Føreligg ikkje tilsvarende på revisjonsrapport trinn 3. Region sør opplyser at inspeksjon før opning av E39 Rosseland-Tangvall medførte svært få og enkle merknader. Det vart ikkje gjeve noko tilbakemelding, men alle foreslåtte tiltak er gjennomført og sjekka ut av TS-revisor.



## Vedlegg 3:

### Relevante utdrag frå kravdokumenta

#### **Vegsikkerhetsforskrifta**

§ 4 Trafikksikkerhetsrevisjoner av vegprosjekter

Regionvegkontoret skal sørge for at det gjennomføres trafikksikkerhetsrevisjoner i forbindelse med gjennomføring av alle vegprosjekter.

Trafikksikkerhetsrevisjonene skal gjennomføres i tråd med de vedtatte retningslinjer.

Det skal utnevnes en revisor til å revidere vegprosjektets utformingsmessige egenskaper. Revisoren skal være godkjent i samsvar med bestemmelsene i § 8. Dersom revisjonen gjennomføres av en gruppe, skal minst ett medlem av gruppen være en godkjent revisor.

Trafikksikkerhetsrevisjoner skal utgjøre en integrert del av utformingen av vegprosjektet under prosjekteringen, i fasen umiddelbart før vegen tas i bruk, samt i den innledende bruksfasen.

Revisoren skal angi de elementene i utformingen som er avgjørende for sikkerheten i en revisjonsrapport for hver fase av vegprosjektet. Dersom det avdekkes farlige forhold under revisjonen, men utformingen ikke utbedres, skal årsakene til dette angis i et vedlegg til revisjonsrapporten.

På bakgrunn av revisjonsrapporten nevnt i femte ledd, skal det gis egnede anbefalinger fra et sikkerhetssynspunkt.

#### **Retningslinjene**

Retningslinjer for trafikksikkerhetsmessige trafikksikkerhetsrevisjoner i forbindelse med vegprosjekter, kfr. vegsikkerhetsforskriften § 4.

Alle trafikksikkerhetsrevisjoner av vegprosjekt, kfr. definisjonen i vegsikkerhetsforskriftens §2, skal foregå etter retningslinjene som er beskrevet nedenfor.

Vegprosjekter skal trafikksikkerhetsrevideres flere ganger i løpet av prosjektforløpet. Nedenfor beskrives på hvilke trinn i utviklingen trafikksikkerhetsrevisjoner skal gjennomføres.

[...]

Revisoren skal revidere prosjektet på grunnlag av tegningsmateriale, prosjektbeskrivelser og annet prosjektmateriale og skal utarbeide en skriftlig rapport.

[...]

Regionvegkontoret skal ta stilling til de problemene som er beskrevet i revisjonsrapporten. Hvis det ikke skjer en avbøting av problemene skal regionvegkontoret redegjøre skriftlig for sin avgjørelse og vedlegge denne til rapporten.

### **Revisjonstrinn**

Trafikksikkerhetsrevisjoner av vegprosjekter skal gjennomføres før avslutningen av følgende faser i prosjektet:

Trinn 1 Reguleringsplan

Trinn 2 Detaljprosjektering

Trinn 3 Ferdig anlegg før åpning

Trinn 4 Etter at vegen er åpnet

[...]

#### *Trinn 2 Detaljprosjektering*

Revisjonen av detaljprosjekteringen skal gjøres før anleggsstart.

[...]

#### *Trinn 3 Ferdig anlegg før åpning*

Revisjonen gjennomføres når veganlegget ansees for å være ferdig bygget, men før det er åpnet.

[...]

### **Håndbok R760 Styring av vegprosjekter**

Kapittel 1.1 Bruk av håndboken

Håndbok R760 *Styring av vegprosjekter* inngår i Kvalitetssystemet i Statens vegvesen, og gir retningslinjer for styring av plan-, utbyggings-, drifts- og vedlikeholdsprosjekter på riks-vegnettet. Så langt fylkeskommunen ikke bestemmer noe annet, brukes også denne hånd-boken for fylkesveg.

Håndboken bruker verbene skal, bør og kan med betydning som vist i tabellen under:

Verb	Betydning	Fravik
Skal	Krav	Kravene fravikes av Vegdirektoratet. Søknad om fravik skal begrunnes. Krav med hjemmel i lover og forskrifter kan ikke fravikes.
Bør	Krav	Kravene fravikes av Regionvegkontoret. Søknad om fravik skal begrunnes.
Kan	Anbefaling	Kan fravikes etter faglig vurdering uten spesielle krav til godkjeningsrutiner.

Fravik fra andre håndbøker er gitt i kap 2.1

Kapittel 2.3.11 Revisjoner, analyser og forbedringer

Dersom det under arbeidet blir oppdaget avvik i forhold til forutsetningene/spesifikasjonene, skal de registreres og behandles. Det vises til kap. 2.9.2 og vedlegg 1, avviksmelding.

Med basis i avviksbehandlingen, uønskede hendelser og andre målinger og analyser, skal det gjennomføres korrigerende tiltak for å hindre at feil oppstår og for å oppnå forbedringer.

Det finnes en rekke revisjoner og analyser som kan være aktuelle å gjennomføre for å dokumentere at:

- Krevd kvalitet er oppnådd, eller
- Klargjøre behovet for tiltak og forbedringer

Her inngår blant annet:

- Kvalitetsrevisjoner
- Trafikksikkerhetsgjennomgang inkl. vegsikkerhetsforskriften
- Håndbok V720 *Trafikksikkerhetsrevisjoner og -inspeksjoner* inneholder sjekklister som bør benyttes, selv om det ikke gjennomføres revisjoner og inspeksjoner
- Kontroll av formalkompetansekrav

Det bør fremgå av kvalitetsplanen hvilke revisjoner og analyser som skal gjennomføres. Disse bør inngå som en integrert del av plan- og utbyggingsprosessen. Det anbefales at revisjoner og analyser gjøres tidlig i prosessene.

I Statens vegvesen skal revisjoner innenfor for eksempel HMS, ytre miljø, trafiksikkerhet og kvalitet utføres iht. de til enhver tid gjeldende NS-ISO revisjonsstandarder. Kombinerte revisjoner kan brukes når dette er hensiktsmessig og effektivt.

### **Vegvesenboka, *Leiing, styring og organisering i Statens vegvesen***

#### Kapittel 3.2.3

Det er viktig at vi utfører oppgavene våre med riktig kvalitet. Derfor skal vi ha mål for hva som er riktig kvalitet i leveransene våre, og kunne måle om vi når opp til disse:

- [...]
- Vi skal lære av våre feil og øke kompetansen vår.